

Kven vann styltegongpokalen?

20.08.2014



Over i førre århundre sette Byggeriet opp ein tinnpokal til den som vann Kvinheradmeisterskapen i styltegong. Det vart konkurrert om han frå 2002 og så kvart år fram til og med 2008 - under den årvissse museumsdagen på Rød. Så vart det ikkje noko meir av det muntre innslaget - men no vert det teke opp att.

Det skjer like etter gudstenesta på sundag. Pokalen skal vinnast 3 gonger for at ein skal få han til odel og eige.

Innskrifta på vandrepokalen fortel at det er 2 som har 2 aksjar kvar.

Det er Audun Eik og Siv Hanne Kjærland.

Ein aksje har Jan Ove Totland (soknepresten, som held messa også dette året) Sigmund Myklebust og Maria Kjærland. Her ligg det an til det som kan verta eit avgjerande nappetak mellom to generasjonar!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen